

Prioritering av eldreomsorga i kommunane.

I seinare tid er det i media kome fram fleire døme på at sjukeheimar/demensavd. slit med tilfredstillande bemanning, for å kunne levere forsvarleg stell og aktivisering av bebuarane.

Samhandlingsreforma førde til meir arbeid og meir ansvar med same bemanning. I «Leve heile livet» prosjektet, er det tenkt at minst ein time aktivisering dagleg for demente er sjølvsagt.

Dette betyr at kommunane må prioritere eldreomsorga meir når det gjeld bemanning på sjukeheimane og demensavdelingane.

Landskonferansen for fylkeseldreråd krev at kommunane gjer nødvendige prioriteringar for å betre situasjonen på sjukeheimane og demensavdelingane.